



ÅRSMELDING
SETESDAL REGIONRÅD
2015

Forsidebilde: Fotograf Marit Simonstad Kvaale

I 2015 har vi hatt gleden av å bli kjent med og følge opp fleire mekaniske verksemder i Setesdal. Ved sida av bygg- og anlegg som er dominerande bransjar i lag med reiselivet og handel, er også desse viktige. Fleire har i 2015 arbeidd med ulike sertifiseringar og kompetansetiltak for å halde fram med vekst og utvikling. Søren Pedersen som driv SP-Stål på Byglandsfjord er ein av desse driftige bedriftseigarane og verksemdene som ikkje er synleggjort tidlegare.

EIT REGIONRÅD RUSTA FOR FRAMTIDA

Setesdal regionråd er i ei omstilling, vi må møte dei utfordringane som kjem framover best mogleg.

I 2015 starta for alvor debatten rundt kva slags regionråd skal vi ha i ei uoversiktleg framtid. Samfunnet er i stor endring, kommunesamanslåingar, kommuneøkonomien kan svekkast, eit samanslått Agder? Kva for ein rolle skal Setesdal regionråd ha i framtida? - Det er eit sentralt spørsmål vi må stille oss.

Vi har eit omfattande samarbeid i Setesdal, og det aukar stadig i omfang. Samarbeidsrelasjonane er gode, men debatten om struktur skapar usemje og debatt. Alle kommunane i Setesdal har ei utfordring i forhold til demografi og næringsutvikling, slik dei fleste distriktskommunane i landet har.

Rolla til Regionrådet for å skape nye arbeidsplassar, fremje bulyst, gjere det attraktivt for dei unge å busette seg, er alle sentrale utfordringar som må løysast skal Setesdal få ein berekraftig utvikling inn i ei krevjande framtid.

Setesdal regionråd kan utgjere ein forskjell, der Regionrådet saman med kommunane kan vere ein god tilretteleggjar. Til saman har vi ein velfylt verktøykasse som må brukast best mogleg, og at mykje må brukast på næringsutvikling er alle samde om. Men kva er næringsutvikling? Det er nok eit spørsmål som skapar debatt. Setesdal er eit langstrakt dalføre, og kulturen er ulik frå kommune til kommune. Dei kulturelle forskjellane gjer at dette er eit samansett spørsmål, og vårt ansvar er vekst i heile dalen.

2016 blir eit utfordrande år, vi skal finne ein struktur som vi kan einast om, slik at vi kan gå framtida i møte på ein framtidsretta og offensiv måte. 4 kommunar som kvar på sitt vis må dyrke fortrinn og saman utvikle seg til livskraftige lokalsamfunn for både ung og gamal.

Det vil vi klare ved å dra lasset i lag og gjere kvarandre gode!

Med helsing



Jon Rolf Næss
Styreleiar



Setesdal regionråd / Marit Simonsen Kvåle

INNHALDSLISTE

| | |
|----------------------------------|----|
| STYRELEIAREN HELSAR! | 3 |
| STYREMELDING | 6 |
| REGIONAL UTVIKLING - SAMHANDLING | 12 |
| HØYRINGSUTTALER | 14 |
| INTERKOMMUNALT SAMARBEID | 17 |
| REGIONALE MØTE & ARRANGEMENT | 20 |
| INFRASTRUKTUR | 25 |
| NÆRINGSUTVIKLING | 28 |
| HEIDER & ÆRE! | 34 |
| KOMPETANSE | 38 |
| LØYVINGAR 2015 | 44 |
| REKNESKAP 2015 | 40 |

ÅRSMELDING

Styret legg med dette fram årsmeldinga for Setesdal regionråd for driftsåret 2015.

ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA

Setesdal regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Verksemda er organisert som eit interkommunalt samarbeid i medhald av § 27 i kommunelova. Regionrådet er sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.

Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i Setesdal.

Verksemda har tre strategiske satsingsområde - infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling, i tillegg har ein kompetanse-utvikling som fokusområde

FORMALIA - FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd - vart lagde fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet i 2007.

FRAMHALD AV DRIFTA

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med og i medhald av den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2016 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda.

Fylkeskommunen medverkar og gjennom løyving i samsvar med konsesjonskraftavtale med kommunane og med rammeløyving til regionalt næringsfond frå Regionalt utviklingsprogram / KRD-midlar.

ARBEIDSMILJØ - YTRE MILJØ

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har vore ei korttids sjukmelding i 2015. Det var ikkje skade på personell eller utstyr igjennom året. Verksemda ureiner ikkje det ytre miljøet.

LIKESTILLING

Representantskapet i Setesdal regionråd er samansett av 5 formannskapsrepresentantar frå deltakarkommunane. Styret i verksemda utgjer 8 faste og 6 observatørar. I styret er det 8 menn, og observatørane er 5 menn og 1 kvinne. Desse er oppnemnd etter posisjon/verv. Det er 1 tilsett. Rådmannsgruppa fungerer som valkomité for oppnemning av styrerepresentantar til interkommunale verksemdar - der legg ein vanlege reglar for likestilling til grunn.

ØKONOMI OG RESULTAT

Styret legg fram rekneskapen for 2015. Rekneskapen er førd i Valle kommune og revidert av Agder kommunerevisjon IKS .

Avsetning og bruk av fond i driftsrekneskapen er ikkje i samsvar med budsjett. Dette skuldast at alle prosjekt blir gjort opp mot budsjetterte utgiftar ved årsslutt. Ein slik bokføring sikrar at ein til ei kvar tid held oversikt over ledige midlar til dei ein skilde prosjekt.

Budsjettavvik på refusjonar skuldast fyrst og fremst kompensasjon for meirverdiavgift (1,1 mill.) og tilskott til desentralisert sjukepleiarutdanning med kr. 450.000,-. Etableringa av ladestasjonar med investering på kr. 2,5 mill. er aktivert med eigen balansekonto. Budsjett for finansiering av investeringa ligg i driftsrekneskapen.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar eller uvisse når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapen for 2015.

Styret godkjenner rekneskapen som framlagt. Rekneskapsmessig overskot i driftsrekneskapen er på kr 28.500,-. Styret føreslår at overskotet vert sett av til disposisjonsfond. Udekt underskot i investeringsrekneskap, kr. 3.659, blir førelege dekkja for disposisjonsfond

SAKSOMFANG

Styret handsama i 2015; 120 politiske saker, 86 referatsaker, og 17. drøftingssaker. Det var fatta 37 delegerte vedtak frå administrasjonen.

SOM VEDLEGG FØLGJER:

- Driftsrekneskap
- Samandrag balanse
- Notar til rekneskapen
- Revisjonsmelding

GODKJENNING – ÅRSMELDING

I styremøte 25. mai 2015 vart årsmeldinga handsama og godkjent, jf. styresak PS 54/16. Representantskapet tok årsmeldinga til etterretning i møte 15. juni 2016, sak 3/16. Representantskapet vedtok rekneskapen og disponering av overskot sak 4/16, som lagd fram av styret, sak 55/16.



Jon Rolf Næss


Kay A. Jeiskelid


Steinar Kyrvestad


Knut Hagen


Leiv Rygg


Vidar Frøysnes


Bjørn Ropstad


Lars Reidar Vasland

ORGANISERING

STYRET



STEINAR KYRVESTAD
Ordfører
Valle kommune



LEIV RYGG
Ordfører
Bygland kommune



BJØRN ROPSTAD
Ordfører
Evje og Hornnes kommune



JON-ROLF NÆSS
Ordfører
Bykle kommune



KNUT HAGEN
Varaordfører
Valle kommune



VIDAR FRØYSNES
Varaordfører
Bygland kommune



LARS REIDAR VASSLAND
Varaordfører
Evje og Hornnes kommune



KAY JEISKELID
Formannskapsmedlem
Bykle kommune

OBSERVATØRAR



SIGNE SOLLIEN HAUGÅ
Dagleg leiar
Setesdal Regionråd



TELLEF INGE MØRLAND
Fylkesordfører
Aust-Agder Fylkeskommune



ARILD EIELSEN
Fylkesrådmann
Aust-Agder Fylkeskommune



JENS ARILD JOHANNESSEN
Rådmann
Eyje og Hornnes kommune



ÅSMUND LAUVDAL
Rådmann
Bygland kommune



TALLAK HOSLEMO
Rådmann
Bykle kommune



EIVIND BERG
Rådmann
Valle kommune

REPRESENTANTSKAP

Formannskapet, ved 5 representantar frå kvart, i dei fire samarbeidskommunane er representantskap for Regionrådet. For perioden 2014/2015 var Bjørn Ropstad leiar og Leiv Rygg nestleiar. Etter valet - for perioden 2016/2017 vart Leiv Rygg leiar og Steinar Kyrvestad nestleiar. Rådmennene og dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett i representantskapet.

STYRE

For perioden 2014/2015 var Tarald Myrum vald til styreleiar og Jon Rolf Næss nestleiar.

- Bykle kommune:
Jon-Rolf Næss og Tor Hallvard Mosdøl.
- Valle kommune:
Tarald Myrum og Nina Susanne Johnsen.
- Bygland kommune: Leiv Rygg og Olav Nese
- Evje og Hornnes kommune:
Bjørn Ropstad og Finn Bjørn Rørvik

Etter valet og for perioden 2016/2017 vart Jon Rolf Næss vald til styreleiar og Bjørn Ropstad nestleiar.

- Bykle kommune:
Jon Rolf Næss og Kay Arne Jeiskelid
- Valle kommune: Steinar Kyrvestad og Knut Hagen.
- Bygland kommune: Leiv Rygg og Vidar Frøysnes
- Evje og Hornnes kommune:
Bjørn Ropstad og Lars Reidar Vassland

OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT:

Aust-Agder fylkeskommune:

- Fylkesordførar Tellef Inge Mørland avløyste
- Bjørgulv Sverdrup Lund etter valet.
- Fylkesvaraordførar John-Olav Strand held fram som vararepresentant.
- Fylkesrådmann Arild Eielsen

Rådmennene i dei samarbeidande kommunane:

- Tallak Hoslemo – Bykle
- Eivind Berg - Valle
- Aasmund Lauvdal - Bygland
- Jens Arild Johannessen – Evje og Hornnes

Dagleg leiar, Setesdal regionråd:

- Signe Sollien Haugå

Møtesekretær:

- Gunn Marith Homme

ADMINISTRASJON – KONTOR

Dagleg leiar Signe Sollien Haugå er tilsett i 100 % stilling.

Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad. Gunn Marith Homme er engasjert i 40% stilling som sekretariat gjennom tenestekjøp frå vertskommunen.

Regionrådet har og avtalefest tenestekjøp gjennom Destinasjon Hovden AS for å arbeide med reiselivet regionalt under nemninga Visit Setesdal. I tillegg er det engasjert prosjektleiar for Rv 9 prosjektet gjennom eksternt tenestekjøp frå Sarv AS. Det har og vore temporære tenestekjøp i samband med kurs og kompetansetiltak, arrangementsavvikling mv.

Vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, datastøtte, sentralbord, kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester.

Agder kommunerevisjon IKS er revisor for Regionrådet.

RÅDMANNSGRUPPA

Rådmennene drøfter aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker i tillegg til mykje anna administrativ samordning mellom kommunane. Rådmannen i Iveland deltek i saker som vedkjem kommunen, t.d. oppfølging av felles interkommunale samarbeid. Den samla kompetansen i rådmannsgruppa i Setesdal er stor og verdfull i høve til mange og krevjande saksfelt. Ikkje minst er samarbeidet ressurseffektivt. Dagleg leiar førebur møta og er sekretariat for rådmannsgruppa.

SETESDALSTINGET 2015 – REPRESENTANTSKAP – REGIONRÅDET

Representantskapsmøtet 15.juni 2015 hadde Kommunereforma som hovudtema. Møtet var utvida til å omfatta kommunestyrene frå dei fire kommunane – til såkalla Setesdalsting.

Setesdalsutgreiinga – samt tilsvarande arbeid for Langfjella og Indre Agder vart presentert. Det var plenumsdrøfting og oppsummerande ordskifte mellom ordførarane – etter at Fylkesmannen sine representantar hadde informert om prosess – med innspel m.a. vedrørende oppgåve/regionreform relatert til Fylkeskommunane.

I den formelle delen av representantskapsmøtet var det orientering frå dagleg leiar, samt handsaming av årsmelding og årsrekneskap. I representantskapsmøte 17. desember vart

nye representantar konstituert og det vart gjennomført val i høve styreleiar- nestleiar-funksjon og val til leiing av representantskap – for 2016 og 2017.

Representantskapet fekk orientering om aktuelle saker under arbeid og pågåande drøftingar v.s. Evje og Hornnes kommune. Representantskapet godkjente budsjett med fullmakt til å revidere og føreta ev avkortingar i etterkant av avklåring med Evje Hornnes kommune 1.halvår 2016.

EIT KREVJANDE ÅR FOR REGIONSAMARBEIDET

Det vart føreslege å gjennomføre styre- og strategisamling hausten 2015 for revisjon Utviklingsplan Setesdal 2020 og arbeide med nytt handlingsprogram for ny valperiode. Ønskje om ny organisering av næringsarbeidet samt behov for avklåring av Evje og Hornnes kommune si vidare deltaking i Regionrådet- og rekkefølgja av desse drøftingane munna ut i semje om ordførarmøte for å drøfte vegen vidare. - Dette spela og inn i budsjett-drøftingar – der styret aksepterte redusert bidrag frå Evje og Hornnes inntil dette var avklåra – og ein vart samde om å ha ei avklåring innan juni 2016.

REGIONAL UTVIKLING – SAMHANDLING

AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE

Aust-Agder fylkeskommune ved fylkesordfører og fylkesrådmann møter fast på styremøte- og held styret fortløpende orientert om aktuelle saker.

Fylkeskommunen har hatt ei aktiv rolle i høve pågåande drøftingar om Regionrådet og organisering av næringsarbeidet.

Gjennom året har ein og hatt samarbeid med ulike avdelingar om arrangement og m.a. næringsforum/ kompetanseprogram for næringsarbeid «SEKT», fagdag bygningsvern o.a. Terskelen er låg for å rådføre seg med Fylkeskommunen og kompetansen der - og servicen ditto høg og god!

I tillegg må ein og nemne samarbeidet med Setesdal vidaregåande skule som i ei årrekke har lagt til rette for gjennomføringa av distriktsvennlege studietilbod og eksamensavvikling for nettbaserte høgskulestudium. Samarbeidet med Aust-Agder fylkeskommune er vi særst glade for!

Fylkeskommunen medverkar tungt økonomisk til regional utvikling gjennom årlege løyvingar til Regionrådet samt med avsetningar til Rv 9-utbygginga.

I 2015 mottok ein kr. 4.350.000 i konsesjonskraftmidlar, kr. 560.000 til Regionalt næringsfond for Setesdal, og løyving på kr. 200.000 til sjukepleiarstudium. Samla overføringar frå Fylkeskommunen (inkl. utbetalingar frå Aust-Agder utviklings- og kompetansefond og andre refusjonar) utgjorde i 2015 tilsamen kr. 5.575.685.

REGIONPLAN AGDER 2020

Regionplan Agder er felles verkstad for regional utvikling i Aust- og Vest-Agder og det operative arbeidet for oppfølging av felles fylkesplan. Arbeidet blir leia politisk av fylkesordfører Bjørgulv Sverdrup Lund og administrativt av fylkesrådmann Arild Eielsen.

Setesdal er som dei andre regionane representert med styreleiar av Regionrådet i politisk samordningsgruppe, og i rådmannsutvalet med leiar av rådmannsgruppa og dagleg leiar av Regionrådet.

I tillegg er vi representert i faggruppe Klima og miljø, i faggruppe Utdanning og i faggruppe Folkehelse.

NYE REGIONALE PLANARBEID

Fylkeskommunane utarbeidde utkast til felles plan for verdiskaping og næringsutvikling, forskning og utvikling og innovasjon i offentleg sektor (VINN-planen). I arbeidet vart og fletta inn eit arbeid i høve ny besøks-/ reiselivsstrategi. Planhorisonten vart sett til 2015-2030.

Regional transportplan (RTP) var tilsvarande utarbeidd – med planhorisont 2015-2027. Vidare ny FOU-strategi og plan for landbruksnæringsane.

Dagleg leiar var oppnemnt som representant til administrativ styringsgruppe og destinasjonssjefen vart involvert i arbeidsgruppe reiseliv.

Regionrådet ga høyringsinnspel til planane på vegne av kommunane i Setesdal. Sjå eigen tekst om høyringsuttaler.

Aust-Agder fylkeskommune har ei aktiv rolle i høve regional utvikling og samhandling med Setesdal. Fylkesordfører Tellef Inge Mørland og fylkesrådmann Arild Eielsen syter for at kommunane og Regionrådet har god dynamikk i samhandlinga med Fylkeskommunen på mange og viktige område.



HØYRINGSUTTALER

REGIONPLAN AGDER 2020

PLAN FOR INNOVASJON OG VERDISKAPING (VINN)

Næringsforumet arbeidd med felles uttale til høyringa av planen for innovasjon og verdiskaping Agder 2015-2030. Planen omfattar fem tema:

- Entreprenørskap, næringsutvikling og nyskaping
- Forsking og utvikling
- Reiseliv
- Landbruk og marine næringar
- Innovasjon i offentleg sektor.

Høyringa omfatta framlegg til:

- Regional plan for innovasjon og berekraftig verdiskaping Agder (VINN Agder)
- Strategi for forskning, utvikling og innovasjon i Agder (FOU-strategi)
- Besøksstrategi Agder

Regionrådet uttalte seg med ståstad Setesdal. Ein slutta seg til hovudgrepa og at ein femnar alle næringar og alle delar av Agder. Ein såg det som viktig å sikre understøtting av næringsstendar og forsterke utviklingsområde der regionane har ulikskap og fortrinn, og at både næringspolitikken og virkemiddelbruken tek opp i seg dette.

I område med svakare næringsstruktur enn i dei meir sentrale delane av Agder ønska vi foks på aktiv lokalisering av offentlege arbeidsplassar og kompetansmiljø for å styrke samla utviklingskapasitet og indirekte grep for tilrettelegging for næringsattraktivitet. Ein føreslo :

- meir vekt på berekraft som gjennomgåande strategi.
- forsterka fokus på entreprenørskapskultur i opplæringsløpet
- likeverdige tenester for næringsaktørar uavhengig av lokalisering til fellesapparata
- meir næringsnær tilnærming med nytte/ verdiskapingstilnærming og at det vart lagt til rette for at FOU og treff meir små og mellomstore verksemdar og nye næringar.

Ein peika og på tydinga av distribuerte tilbod for etter- og vidareutdanning til delane av Agder som er utanfor pendlaravstand til utdannings- og FOU-miljøa i landsdelen.

I høve reiseliv uttrykte ein skepsis til strategi om ein-sidig fokus på barnesegment og etterspurte dreining mot tilretteleggjarrolla og fellesskapsorientert reisemålsutvikling og berekraft.

Ein stilte seg bak temaplan landbruk.

Til sist føreslo ein at Regionråda burde ha ein aktiv rolle i å føreslå og delta i prioriteringa av tiltak for handlingsprogram og ta del i forankring/ samordning i lag med lokale næringsforum i dei ulike regionane.

REGIONAL TRANSPORTPLAN AGDER 2015-2017

Fylkesutvala i Aust-Agder og Vest-Agder sendte på høyring utkast til felles regiona transportplan (RTP). RTP er tenkt å vere førande og innspelsgrunnlag for ny nasjonal transportplan. Målstrukturen følgjer den nasjonale transportpolitikken – om m.a. betre framkome og redusert avstandskostnader for å styrke konkurransekrafta i næringslivet og å oppretthalde hovudtrekka i busettingsstrukturen.

Regionrådet uttalte at ein såg at planen på ein god måte understøtta Riksveg 9 og slutføring av vegprosjektet mellom dei prioriterte prosjekta i landsdelen. Ein kommenterte i høve E134 som nytt aust-vest-samband og peika på tydinga av korresponderande ekspressbussruter og kvar dagslogistikk for skuleungdom og mobilitet for dei som ikkje disponerer eigen bil i distrikta. Til hamnestruktur peika ein på tydinga av kopling av Rv 9 , bypakke Kristiansand og hamn. Innspel til ulike fylkesveg-prioriteringar samt Brokke-Suleskard vart drøfta av styret. Ein kom til at Rv 9 og dei andre overordna innspela vart avgitt som høyringsuttale frå Setesdal.

NASJONALE HØYRINGER / UTTALER

SKATTEETATEN – ENDRINGAR I KONTORSTRUKTUR

Skatteetaten sette i gong ei strukturutgreiing med ferdigstilling mai 2015. Evje Hornnes kommune vart peika ut til å følgje opp saka i høve å sikre framtidig kontor og funksjonar i Setesdal.


NY POSTLOV

Styret slutta seg til høyringsuttale frå Vest-Telemark rådet og understreka i si uttale at ein ønskja likeverdige tenester i heile landet med postombering 6 dagar i veka, - og at unntaksregel frå leveringsplikt berre måtte gjelde postutlevering til postkasse til stader der det ikkje medfører klårt urimelege kostnader.

NYTT HOVUDVEGSAMBAND MELLOM AUSTLANDET OG VESTLANDET

Setesdal Regionråd støtta Vegvesenet si tilråding om å gi E134 over Haukeli høgaste prioritet. Trygg og effektiv veg over Haukeli med god vinterregularitet, vil vere positivt for utvikling i Setesdal.

Ein understreka at Rv9 er ein del av «ankeret» som Agder står saman om, når det gjeld prioriteringar for vidare utvikling av riksvegnettet. Rv9 møter i dag E134 i Haukeligrend, og E134 er ein viktig del av reiseruter gjennom Setesdal. Mykje turisttrafikk over Kristiansand hamn, reiser opp/ ned Setesdal og brukar E134 vestover til fjordane. Mykje av godstrafikken på Rv 9 kjem frå, eller skal vidare på E134. For reiselivsnæringa i Øvre Setesdal er det svært viktig at E134 blir bygd ut til ein effektiv veg med god vinterregularitet. Fastbuande i Setesdal vil også ha nytte av godt utbygd E134 i samband med reiser austover og vestover. Ein peika og på at utbetra E134 vil gi grunnlag for utvikling og vekst i Setesdal. I samsvar med aust-vest-utgreiinga sine analyser og tilrådingar, gav Regionrådet og Rv 9- prosjektet støtte til prioriteringa av E134.





INTERKOMMUNALT SAMARBEID

RÅDMANNSGRUPPA

Rådmannsgruppa (RM) arbeider særleg administrativ samhandling av prosessar og aktivitetar mellom kommunane i Setesdal og Iveland. Dagleg leiar legg til rette for møta og er sekretariat for rådmannsgruppa. I høve Regionrådet si drift og regionutviklinga er rådmannsgruppa fortløpande involvert i aktuelle saker. Rådmannsgruppa (RM) har avklaringar og arbeider med tema der kommunane samhandlar direkte eller indirekte gjennom interkommunale samarbeid. RM er valkomite i høve dei interkommunale verksemdene. Rådmannsgruppa følgjer opp og gir føringar i høve ulike tema-drøftingar av regional og nasjonal karakter i lag med dagleg leiar.

I 2015 omhandla det m.a.:

- Regionplan Agder: Representasjon i rådmannsgruppe og faggrupper med rapportering til RM. Høyringsinnspel –temaplaner.
- Konsolideringsprosess mellom Setesdalsmuseet og Aust-Agder museum og arkiv IKS.
- Møte på leiarnivå med avdelingane hos Fylkesmannen i Aust-Agder.
- Samarbeidsmøte med Agder kollektivtrafikk.
- Setesdalsutgreiinga / Kommunereforma
- Effektanalyse på næringsarbeidet - lokal input
- Setesdal IKT - styre
- Lokale kulturminneplanar med felles overbygning og byggjeskikkrettleiar
- Politiråd – førebuing og oppfølging
- Drøftingar linenett (kraft), fiber og redundans, datalagring og lokasjonar
- Helsenæringsprosjektet – styringsgruppe
- Helsenettverk - dialog
- ROS plan - Egil Mølland / Iveland som prosjektleiar / koordinator
- Brann IKS - oppfølging økonomi og selskapsavtale
- Setpro AS - oppfølging - nytt anbod
- NAV partnerskapsdialog - 2 faste regionale og 2 lokale møte årleg.
- Revisjon av alkoholpolitiske retningslinjer og ruspolitisk handlingsplan.
- KS- prosjekt – radikalisering, førebygging valdeleg ekstremisme

FELLES PLAN FOR RISIKO OG SÅRBARHEIT – SAMFUNNSTRYGGLEIK – ROS-DAG

Egil Mølland vart engasjert til å leie og koordinere utviklinga av felles ROS-analyse og planarbeid for kommunane. Det vart utarbeidd saksframlegg til kommunane før sommaren 2015. Arbeidet vart presentert i eige temamøte der temaansvarlege presenterte ulike bolkar før ordskifte.

FELLES PLAN FOR KULTURARV SETESDAL

Styret slutta seg og til framlegg frå Tarald Myrum å løfte fram ein felles kulturarv/- kulturminneplan for Setesdal – og at dette blir gjort på ein nyskapande måte – med aktivering av kulturarven som ressurs i Regionen. Rådmannsgruppa sette i gong arbeid med lokale kulturminneplaner med høve til samordning og intensjonar om felles regional overbygning/plandel med fokus på opplevings- og næringstilmærming. Dette dels og som oppfølgjar av samråding med Kulturminnefondet og Norsk kulturarv og Regionrådet under fagdagen. Regionrådet er tiltenkt å ta prosjektleiing på fellesbolken. Intensjonen er ein nyskapande plan som omfattar både dei faste kulturminna og den immaterielle kulturarven i Setesdal.

KOMMUNEREFORMA – KOMMUNESTRUKTUR- UTGREIING – MOGLEGHEITSSTUDIE

Representantskapet / felles formannskap vedtok 18.des 2014 at ein ønskje felles utgreiing for kommunane; Bykle, Valle, Bygland og Evje Hornnes – og Setesdal som region. Det vart utarbeidd konkurransegrunnlag for ei moglegheitsstudie – der ein ønskja utgreia ev samanslåingsalternativ innafor Setesdal – og konsekvensar og moglegheiter knytt til desse. I tillegg til reindyrka kommune-strukturdrøfting ville ein og sjå på supplement med regionale / interkommunale samarbeid/ regionsamarbeid, og tenestekjøp frå større kommunar / private aktørar.

Utgreiinga hadde og føring for at ein skulle sjå på konsekvensar i eit utvida samfunnsperspektiv og kva konsekvensar det vil ha for innbyggjarane, direkte og indirekte – og over tid, - Samt at ein ville sjå kva gevinst ein kunne vente av forenkling. Andre føringar: Gode og likeverdige tenester, økonomisk berekraft – robuste kommunar, levande demokrati, valordning/representantfordeling, samt sideeffektar for folketalsutvikling /demografi, og næringsperspektiv og attraktivitet. Det vart og bedt om vurderingar knytt til påreknelege strukturelle samfunnsendringar og samfunnsutviklar-rolla over tid knytt til ulike strukturendringar.

Oxford Research fekk oppdraget og gjennomførte både kartleggingsarbeid og utgreiing 1. kvartal 2015.

Rådmannsgruppa vart oppnemnt som administrativ styringsgruppe i lag med dagleg leiar, medan styret i Regionrådet gjekk inn som politisk styringsgruppe. Dei tillitsvalde vart inviterte til å delta i prosessen. Kartlegginga vart gjennomført med intervju av formannskap og kommuneleiing, leiing av interkommunale samarbeid osv. Styret vart involvert undervegs og utkast til rapport framlagt for styret 1.juni.

I samband med styremøte i Regionrådet var det felles formannskap for Setesdalskommunane på Sølvgarden tysdag 21. april 2015. I tillegg blir tillitsvaldrepresentantar frå kommunane, kommune-reformkoordinatorar/ -rådgjevar frå KS Agder og Fylkesmannen i Aust-Agder og leiinga i Aust-Agder fylkeskommune deltok.

Den 15.juni vart arbeidet grunnlag for felles kommunestyre i regi av Regionrådet. Kommunane var oppmoda til å handsame rapport og ta stilling til ev innbyggjarundersøking/høyring kvar for seg. Vidare drøftingar av kommunereforma vart teke kommunevis.

PROSJEKT FØREBYGGING – RADIKALISERING – VALDLEG EKSTREMISME

KS Agder tok initiativ til eit prosjekt – m.a. i eit bakteppe der ein ser at Agder kjem dårleg ut på levekårsindeksar – og at ein ser utfordringar i høve kriminalitet, tendensar til framandfrykt v.s. integrering – og at ein er uroleg for at såkalla utanforskap kan føre til radikalisering blant unge. Prosjektet skal skape medvit og førebyggje. Koordinator skal ha fokus på å stimuler til auka kompetanse og utvikling av gode system som førebyggjer og femnar om all type valdeleg ekstremisme, inklusiv religiøs, politisk og ideologisk ekstremisme. Koordinatoren skal i samarbeid med SLT-koordinatorane og politidistriktet medverke til å samordne ressursane i arbeidet med å førebyggje radikalisering og valdeleg ekstremisme blant barn, unge og vaksne. Alle dei 30 kommunane har slutta seg til prosjektet som er forankra og samordna gjennom KS Agder. Styret slutta seg til felles søknad frå kommunane i Agder til justisdepartementet via KS Agder.

HØYRSLEKOORDINATOR – LMT SETESDAL

LMT Setesdal søkte og fekk 100.000 i støtte til gjennomføring av 3-årig høyrsl Koordinator-prosjekt.



Revisjonssjef Steinar Risinggård gjekk over i pensjonistane sine rekker 1.juli 2015. Han arbeidde i og leia i Setesdal revisjonsdistrikt IKS gjennom 19 år. Representantskapsleiar, Gro Anita Mykjåland, held tale og takka han for grundigheit og mange års iherdig innsats og mykje arbeid for kommunane. Rådmannsgruppa ved Eivind Berg og Signe Sollien Haugå takka tilsvarande for samarbeid og gode råd til administrasjonen i kommunane og interkommunale samarbeid gjennom mange år.

REGIONALE MØTE & ARRANGEMENT



POLITIRÅD SETESDAL

I samband med styremøtet i mai vart det gjennomført årleg politiråd.

Politimeister Kirsten Lindeberg og medarbeidarar møtte Setesdal og Åseral.

Politirådet hadde i år hovudtema beredskap. I møtet deltok i tillegg til politisk og administrativ kommuneleiing - SLT-koordinatorar og representantar frå beredskapsavdelinga hos Fylkesmannen, brann og redning og ansvarlege for risiko- og sårbarheitsarbeid lokalt. Møtet var nyttig i høve gjensidig informasjon - om alt frå Politireform og pårekelege endringar, drøftingar av operativ samhandling og lokale og regionale utfordringar.

AGDER ENERGI NETT

Agder energi nett ved John Eilif Trohjell, seksjonssjef Nettdrift orienterte i styremøte om status for linenett – med vekt på regionalnettet, planlagde tiltak og investeringar og driftssituasjon. Det var og grundig info om avbrot – og avbøtande tiltak – og korleis ein vil søke å redusere både talet og varigheita av avbrota på kort og lengre sikt. Styret fekk og informasjon relatert til småkraft og anna.

INTEGRERINGS- OG MANGFALDSDIREKTORATET (IMDI)

I styremøte 16. september hadde IMDI orientering. Grethe Haugøy, Joseph Salomonsen og Mons Sydnes informerte om IMDI og arbeid for å skape robuste integreringskommunar. Ein er oppteken av koplingar mellom vaksenopplæring, samarbeid med næringsliv/flyktingteneste/friviljug- og offentleg sektor for å få varig busetting av flyktingar. Det vart peika på ønskja samanhengar mellom kvalifisering, integrering og relevant opplæring til det arbeidslivet som finst lokalt. Ein var og innom planarbeid og samfunnsutviklingsstrategiar - og tenestedimensjonering lokalt - og potensiale til regional samhandling.

Kommunane tok opp trong for ordningar då ein opplev det som krevjande å følgje opp og ha ønskjelege ressursar og tilbod utover 5års-perioden med integreringstilskott.

AGDER KOLLEKTIVTRANSPORT (AKT)

Adm.dir Siw Viken og administrasjonssjef Kjell Sverre Drange – Agder kollektiv trafikk (AKT) orienterte i rådmannsgruppa generelt om komande anbudsutsetting av Setesdal driftsområde. Kommunane var opptekne av ulike transportordningar og tilbod som dels er omfatta og har relevans/influens til offentleg rutetilbod:

- drosje, pasient-/sjuketransport
- kommunale transportbehov/ -tilbod
- skuleskyssordningar
- anna brukartransport
- haldeplasser og venterom
- korrespondanse med ekspressbussar og lokale anbudsruiter

Ein var og innom aktuelle område med tanke på å prøve ut fleksible tilleggstenester/-tilbod relatert til lokale transportbehov som ikkje er eigna for konkurranseutsetting (utan marknadsgrunnlag). I påfølgjande styremøte vart og «KID»-ruiter til Evje – Kristiansand og innspel frå Valle løfta fram att.

SETESDAL ÅHOI – ARENDALSUKA 2015

Mange følgde ungdomspanelet med stor interesse!

Først inntok vi Kanalplassen med Setesdalspromotering - før sjølve Setesdalsmøtet tok til. Både fylkesmann Øystein Djupedal og fylkesordfører Bjørgulv Sverdrup Lund sin appell sette tona for møtet og kvifor det er viktig å involvere unge i utviklinga av lokalsamfunn og region. Kurt Ole Linn var moderator og fekk fram gode ordskifte og framlegg til kva dei unge meiner vi må arbeide meir med lokalt og regionalt framover. Det var oppsummerande drøfting med etablerte politikarar.

Vi reiste heim med mykje inspirasjon, nytt idetilfang og ikkje minst motivasjon for oppfølging. Igjen konstatera vi at Arendalsuka også er ein flott arena for Setesdal for å få løfta og lufta aktuelle tema - og å få fokus og dialog med fleire og andre!

I etterkant drøfta styret å etablere eit regionalt ung forum med tanke på mobilisering, involvering og nytenking rundt tema som folketalsutvikling, attraktivitet og busetting. «Ungdomspanelet» frå Arendalsveke-arrangementet er tenkt spurt som interim-styre for å konkretisere og føreslå vidare arbeid, samansetning og fokusområde.





SETESDALSGILDET

Setesdalsgildet er ein årleg matfestival og salsmesse som finn stad på Hovden. Arrangementet har som mål å løyfte fram lokalmat og matopplevingar. I samband med dette deltek Regionrådet med kåringar og prisutdelingar. Styreleiar Tarald Myrum delte i 2015 ut heiderspris til Tulla Bjåen i form av ein diplom og premie på 5000 kroner. Tulla er mellom anna kjend for å halde lefsetradisjonen i live! Andre som vann pris var: Solveig Huset Lund frå Byglånd og Den Lille Kolonial frå Kristiansand.

INFRASTRUKTURGREP - REGIONAL UTVIKLING

Jon P. Knutsen innleia til styredrøfting i samband med samferdsledrøftingar – i ljøs av E134-utgreiing, arbeid med ny nasjonal transportplan (NTP) og regional transportplan (RTP). Han fokuserte mogleg moment som følgje av ev satsing på tverrsamband Brokke-Suleskard som heilårsveg og effektar for næringsliv i øvre Setesdal.

MØTE MED SØRLANDSBENKEN PÅ STORTINGET OG

Den 18.mars møtte Regionrådet Sørlandsbenken på Stortinget.

Regionrådet tok opp:

- Rv 9
- E 134
- Fengsel Evje
- Datalagringsprosjektet
- Aktuelle tema i SR pt.: kommunereform, distriktsvennlege studiar, helsenæring, berekraftig reisemål o.a.

Stortingsrepresentantane kom med nyttige råd og innspel og tok elles informasjonen med seg til vidare arbeid.

STYREMØTE I OSLO - MØTE MED KS

Styremøtet 18.mars 2015 vart lagt til KS sitt kurs- og konferansesenter i Oslo. I tillegg til ordinært styremøte vart det lagt opp til input på sentrale og aktuelle politikkområde med innleiarar frå KS. På programmet stod m.a.:

- Kommunereform og småkommunar
- KS- grep for å sikre regional-/ distriktsutvikling
- Oppgåveoverføring – korleis får vi det til?
- KS- Aktuelt
- Ungdomsinvolvering og mobilisering – demokratiutvikling

TILFLYTTARAR SOM RESSURS I UTVIKLINGARBEIDET

Distriktssenteret hadde regi for temadag og fokusgruppe-intervju med regional deltaking av både kommuneleing/ administrasjon og eit utval tilflyttarar. Arrangementet fann stad 25. november 2015.

I tillegg til å sette fokus på eit viktig tema vil Setesdal bli nytta som case inn i eit større prosjekt – der føremålet mellom anna er å synleggjere funn frå ulike verkstader kring i landet.



Tilflyttarar som ressurs i utviklingsarbeidet. Distriktssenteret med Roar W Vangsnes og Halvor Hilmersen leia to ulike fokusgruppeintervju. Interessante tankar og ordskifte vart spelt vidare til læringsheftet « Med hjarte for den rette staden» – samt at vi alle fekk auka medvit, erfaringar og idear til korleis ein betre kan involvere og inkludere nye i kvardagslivet i Setesdal.



SETESDALSREGIONEN – SAMSPEL – STYRKING AV UTVIKLINGSKAPASITETEN

Den 24. november var Distriktssenteret med på temamøte i etterkant av styremøte. Halvor Hilmersen frå Distriktssenteret formidla om funna som er gjort i småkommuneprogrammet der både Valle og Bygland har vore med, saman med 40 andre distriktskommunar. Funna vil sett i samanheng med korleis kommunane kan jobba med positiv befolkningsutvikling i Setesdal. I 2014 lanserte Distriktssenteret rapporten om reiseliv og lokalsamfunnsutvikling – «Duett eller duell»? Kunnskapen i studien og evalueringa av 6 regionar som har organisert seg som ein regionalpark eller jobbar med eit regionalparkprosjekt. Roar Werner Vangsnes frå Distriktssenteret held innleiings- føredrag før drøftinga som var eit ope møte.

FOLKETALSUTVIKLING

«Flyttemotiv-undersøkinga» frå 2011 vart teke fram att og drøfta som bakteppe for dialogseminar med Distriktssenteret – og på nytt sett fokus på i samband med ny statistikk som understreka utfordringar på folketalsutvikling og etablering av nye arbeidsplassar og rekruttering for regionen samla sett.

INFRASTRUKTUR



RIKSVEG 9

I nasjonal transportplan (NTP) 2015-2023 er det nedfelt at ein har som mål å få ferdig Rv 9 som tofeltsveg innan 2023. Ein arbeider i nært samarbeid med partnerskapet på Sørlandet og fremjar dei omforeina prioriterte prosjekta, E 18, E 39 og Rv 9 ilag. Arbeidet er forankra i «Sørlands-ankeret» med E18, E39 og Rv 9 som landsdelen sine prioriterte prosjekt.

Sørlandsutvalet (tidl. politisk samordningsgruppe) i Regionplan Agder medverkar i å løfte og koordinerer landsdelen sine prosjekt. Fylkesordføraren leiar dette arbeidet.

Påverknadsarbeidet i Rv 9-prosjektet er organisert styringsgruppe og administrativ prosjektgruppe med fylkeskommunen, statens vegvesen, NHO og Setesdalsregionen. I prosjektgruppa er Aust-Agder fylkeskommune Statens Vegvesen, dagleg leiar og prosjektleiar med. Prosjektleiar er engasjert i inntil 15 % stilling til å koordinere og drive prosjektaktiviteter og påverknadsarbeid.

I første handlingsplanperiode (4 år) til NTP låg inne 130 mill. til å starte bygging av parsellane Sandnes- Harstadberg, Skomedal og Frøysnes. Det vart eit gap i høve reviderte kostnadsestimat og samla lokal/regional- og statleg finansiering på 100 millionar – og uro for utsett byggestart til 2016.

Ein arbeidde med påverknadsarbeid for å få inn ekstra middel i revidert statsbudsjett mv. Styret gav uttale til NTP og ba om forsering av utbygginga for å sikre samanhengande og kontinuerleg utbygging.

I 2015 konstanterte ein stadig større utfordringar i høve å halde tentativ framdriftsplan – og å få statleg finansiering på plass til parsellane som skal byggjast.

I 2015 fekk ein 25. mill. som oppstartsløyving for Sandenes – Harstadberg.

Planar for Skomedal vart godkjent i Bygland kommune desember 2015.

Ny gjennomgåing av Frøysnes-parsellen skapte uro og utfordringar i nye kostnadsoverslag som følgje av nye vurderingar knytt til rasfare m.m. Prosjektgruppa kom med framlegg til omrokking mellom parsellar / prioritet– ut frå ei samla vurdering av og omsynet til framdrift i samla restutbygging og kostnadseffektiv utbygging. Styret slutta seg til framlegget om endra rekkefølge. Fylkeskommunen slutta seg til omprioriteringa som føreslege og oppmoda samstundes Bygland kommune til å sjå på nytt på ny planløyving som delvis følgjer dagens vegline – og som samstundes imøtekjem krav til bumiljø, rassikring og investeringskostnader. Ein lova samstundes at Fylkestinget då ville kunne vurder prioritering og gjennomføring på nytt.


PLANLEGGING BJØRNARÅ – OPTESTØYL, RV9

Styret løyvde 1-1,5 mill. frå fond til igangsetting av planlegging Bjørnarå-Optestøyl for slik å medverke til framdrift i utbygginga av Rv 9 – gjennom å alltid ha planreserve når ein utløyser nye middel til utbygging. Løyvinga føreset godkjent avtale/framdriftsplan mellom partane.

RIKSVEG 9 – NYSKAPANDE

REISERUTEPROSJEKT – NY FORM FOR TURISTVEG

Styret løyvde kr 150.000 til forprosjekt i regi av Loop by Laura.



DATALAGRING

Prosjektet vart etablert for å arbeide med å posisjonere Setesdal og Agder som føretrekt alternativ for etablering av datalagringscenter – i Europa. Veksande behov for datalagring – og behov for lokasjonar til større einskildverksemder og lokasjonar for meir kommersielle dataseter med lagringsplass for mange synest aktuelt.

Prosjektet skulle både arbeide i lag med Agder for å få fiber mot utlandet, endring av el-avgiftsordning nasjonalt og førebu kommunane i Setesdal for mogleg etablering av eksterne aktørar. I det låg å peike ut aktuelle lokasjonar og tilrettelegge for rask avklåring ved ev førespurnader frå interessentar. Prosjektet vart samordna med Regionplan Agder, Klimagruppa og politisk samordningsgruppe og «Grønt batteri-arbeidet» der. Arbeidet vart sett i gang av næringskoordinator og slutført av ekstern konsulent.

Rapporten hadde ein generell bolk og vedlegg med utpeikte aktuelle lokasjonar. Vedlegget vart sendt til kommunane for utval / prioritering av 1-2 lokasjonar som dei ønskjer å arbeide vidare med i høve arealplan-/kommuneplan og tilrettelegging.

SETESDAL DIGITAL

Ein såg behov for å arbeide vidare i høve Agdersamarbeida om både felles strategiutvikling for å attrahere datalagringsaktørar, sikre fiber-struktur og å konkretisere kva oppgåver ein regionalt i Setesdal bør arbeide vidare med. Styret godkjente prosjektplan og organisering av arbeidet med ekstern prosjektleiar.

Ladestasjonsprosjektet er viktig vere i frontline med å ta ny teknologi i bruk, for å forsterke assosiasjonane som energikraft-region og gjere Setesdal attraktiv som reisemål for el-bil.

Fagsjef i Zero, Kåre Gunnar Fløystad stod for opninga – med hjelp av styreleiar Jon Rolf Næss. Prosjektleiar Geir Skjevraak og utbyggjar Olav Hovet demonstrerte at ladestasjonen var sett i drift.



LADESTASJONSPROSJEKTET

Regionrådet har gjennom 2 år avsett egne middel og søkt medfinansiering og ein fekk tilsegn frå Aust-Agder fylkeskommune og Enova. Styret gav administrasjonen fullmakt til kontraktinngåing etter anbodskonkurranse var gjennomført.

Knut Hovet Installasjonar AS vann anbudet. Geir Skjevraak vart leigd inn som prosjektleiar for slutføre anbudsprosess og å leie gjennomføringa av sjølve utbygginga. Det vart inngått leigeavtaler med grunneigarar og tiltaka vart byggemeldte i høve dei ulike kommunane. Driftskonsesjonen vart gitt for 7 år.

Regionrådet har investert ca. 2,5 millionar i prosjektet – av dette er det motteke støtte frå Aust-Agder fylkeskommune; 0,4 mill. og 0,2 mill. frå Enova (tidl. Transnova).

Drifta blir i regi av Knut Hovet Installasjonar som operatør og i driftssamarbeid med Fortum AS. Ved inngangen til utbygginga var det 50.000 elbilar registert i Noreg og raskt veksande elektrifisering av bilparken.

Utbygginga var i høve spesifikasjon – multi-standard DC-hurtiglader med 50 kWh ut-effekt, og med CDHAdeMO og Combo CCS –uttak.

Dei første månadane synte ein bruk tilsvarande 10.000 km pr. mnd.

Ein påreknar aukande bruk etter kvart som tilboda blir kjent og marknadsført i høve reiselivet. For Setesdal var prosjektet viktig i høve å ta ein posisjon som den første elektrifisert reiseruta i landsdelen og for å bli ei viktig transportåre mellom hovudkorridorane E 18 og E39 og tverrsambandet E 134. Tiltaket vart og løfta i samband med satsinga på å få merket som berekraftig reisemål.

STIPENDORDNING – LADEPUNKT VED KOMMERSIELLE VERKSEMDER

Styret oppretta stipendordning som incentiv for etablering av ladepunkt for elbilar ved kommersielle verksemdar. Det vart avsett kr. 100.000 til fordeling i 2015. (Ordninga blir og vidareført i 2016). Ordninga gikk til etablering av vekselstraumbasert hurtiglader, type 2 –mode 3.

Desse fekk støtte:

- Troll Aktiv
- Klatreskogen
- Haugå landhandel
- Bykle nærings- og utviklingselskap (BHV- Hovdetun)
- Evje trafikksenter (YX-Evje)

TESLA LADESTASJON – BYGLAND

Bygland kommune la til rette for etablering av Tesla –ladestasjon samlokalisert med Regionrådet sin ladestasjon på Prestneset/ Tangenområdet i Bygland. Styret løyvde inntil kr. 250.000 i anleggsbidrag for å utløyse samla finansiering i lag med kommunen.

NÆRINGSUTVIKLING

GRÜNDERKONKURRANSEN – «INNOVASJON SETESDAL»

På Setesdalskonferansen 2015 tok næringsapparatet initiativ til ein gründerkonkurranse – med tenkt kåring/ premiering på Setesdalskonferansen 2016. Konkurransen hadde som mål å inspirere til nyskaping i Setesdal!

Det vart lyst etter eigarar av idear til eit nytt produkt, ei ny teneste/ny kunnskap eller ei innovativ ny løysing. Kommersielt potensial, og berekraft var blant dei momenta som vil bli vurdert. Ideen måtte gjerne ha «adresse Setesdal» på ein eller annan måte!

Premie: ein vinnar får kr. 50.000,- + synleggjering. Konkurransen vart marknadsført i samband med Gründerveke.

Steinar Nomeland vant med utviklinga av «Polarsand» - metode og utstyr for vintervedlikehald av vegar.



GRÜNDERVEKE 2016

Gründerveka er etter Europeisk ide – der Aust-Agder fylkeskommune utfordra kommunane og regionane til å vere med å lage ein Agder-variant i veke 47. Vi sette fokus på gründerkap med ei rekke arrangement denne veka.

Det vart gjennomført eitt arrangement i kvar kommune – med ulikt tema kvar dag gjennom heile veka og ein felles gründerdag. Kveldsmøta hadde ein ekstern «kanon» og ein «lokal suksesshistorie» til inspirasjon. Det startar på Hovden måndag 16., vidare er det arrangement i Bygland tysdag 17., Evje onsdag 18. før "Gründerdagen" 19.11 på Sølvgarden. Arrangementa var i regi av: Setesdal regionråd - Bykle kommune, Valle kommune, Bygland kommune, Evjemoen næringspark - og i samarbeid med Innovasjon Norge – Agder. Vi fekk støtte frå Sparebanken Sør - Evje og Hornnes sparebank og Valle sparebank til gjennomføringa.



INCENTIVORDNING – MILJØSERTIFISERING

Styret løyvde kr. 200.000 til igangsetting av opplegg for reiselivsverksemder og andre verksemder som ønskjer å bli miljøsertifiserte.

MILJØSERTIFISERING

Det er 5 deltakande verksemder med. Arbeidet blir lagt opp med 6 fellessamlingar a 4 timer – i tillegg må kvar verksemd arbeide med søknaden på eigahand – med siktemål sertifisering hausten 2016.

HELSE SOM VEKSTNÆRING – MODELLUTVIKLING

Styret slutta seg til at ein vidareførte arbeidet gjennom å støtte tenestekjøp til søknadsutvikling frå nasjonale rammer for etablering av nasjonalt kompetansesenter – senter for livskvalitet og mestring ved Evjeklinikken.

Setpro tok initiativ til å etablere tettare samarbeid med kommunane i høve brukarar som ein p.t. opplevde ikkje fekk gode nok tilbod. Ein såg rom for forsterka samarbeid mellom offentlege og private aktørar – med komplementær kompetanse og brukarar som kan ha nytte av samhandling og utvikling av nye tenester.

Sølvarden var første godkjente miljøfyrtårnverksemd i «nyare tid». Dei fekk diplom utdelt under Setesdalskonferansen 2016. I tillegg har Hovden badeland, Vinmonopolet Evje, Setesdal vidaregåande skule merket frå tidlegare.



Fylkesmannen i Aust-Agder løyvde kr 1.240.000 til utprøving av samhandlingsmodeller i Setesdal innafor rus og psykiatrifeltet. Søknaden vart utarbeidd av Arvid Holte i lag med LMT Setesdal for kommunane, Setpro og Evjeklinikken – Søkjar var LMT etter samråding med Rådmannsgruppa. Fylkesmannen oppmoda til spesielle prioritet av aktivitetar som er innretta på reel kapasitetsauke i samla kommunalt rusarbeid, heilskaplege og samanhengande tenester, og tilgjenge og brukarnære tenester, samt kvalitet og kompetanse i tenestetilbodet. Prosjektet vil prøve ut nye tilbod til ulike brukarar i heile regionen.

EFFEKTANALYSE REGIONALE NÆRINGSFOND

Regionrådet støtta utarbeiding av effektanalyse gjennom fylkeskommunen. I tillegg vart Oxford Research engasjert til å sjå nærare på effekten av virkemiddelbruk i Setesdal meir konkret og korleis dei bedriftsretta verkemidla ev kan vidareutviklast for å styrke måloppnåing ytterlegare.

Regionrådet og kommunane har sidan Samhandlingsreforma vart lansert arbeidd aktivt og strategisk med tanke på interkommunalt samarbeid og sikre gode tenester til innbyggjarane i heile dalen. Ein har og lagt til rette for privat-offentleg samhandling og sett moglegheiter for å utvikle ei helseklynge rundt Evjeklinikken. Regionrådet er difor og medeigar i klinikken og gjekk inn med kr 256.000 i aksjeemisjon i 2015 - for at klinikken skulle få overta eigedomar og bygg og slik få handlingrom for vidareutvikling og knoppskyting. Alf Tore Moen, leiar av Evjelinikken, Jens Arild Johannessen – rådmann og leiar av det interkommunale helsearbeidet og Signe Sollien Haugå, dagleg leiar i Regionrådet.



STIPENDORDNING – STYRELEIARSTIPEND – PRIVAT NÆRINGS LIV

Etter initiativ frå Valle næringslag vart det etablert prøveordning. Føremålet var å sjå om verksemdar som får støtte til å engasjere ekstern styreleiar opplev nytte og vekst – og om dei slik får inn komplimentarande kompetanse og utløyser ny utviklingskraft ved å få inn eksterne krefter i drifta. Det vart avsett ei ramme på kr. 100.000 – med siktemål spreining i høve ulike bransjar og storleikar på verksemdar.

Desse fekk tilsegn om kr.25.000 kvar:

- Konkurrenten.no
- Valle vekst AS
- Autoservice Evje AS
- Evje mekaniske verkstad AS

ORGANISERING AV NÆRINGSARBEIDET

Gjennom 2015 blei det brukt mykje tid på å utgreiing og drøfte korleis det regionale næringsarbeidet burde organiserast framover. Arbeidsgruppa med Erling Hellum-Innovasjon Norge, Wenche Fresvik - Aust-Agder fylkeskommune, Eivind Berg - leiar av rådmannsgruppa, Jens Arild Johannessen - Evje og Hornnes kommune og Signe Sollien Haugå - Regionrådet utarbeidde framlegg til organisering som eige avdeling/selskap etter føringar frå styret.

Framlegg til vedtekter, stiftingsdokument, mandat og oppdragsdefinering vart lagt fram for styret. Materialet vart kvalitetssikra av KS. Framlegget omfatta det bedriftsretta næringsarbeidet og konkretiserte m.a. oppgåver og funksjonar, styringslinjer og arbeidsdeling mellom 1.line i kommunane og delinga mellom politikk og eige styre for næringsarbeidet.

Prosesen fram til merkegodkjenning er leia av destinasjonssjef Lasse Eidskrem som prosjektansvarleg og Connie Barthold som innleigd prosjektleiar.

Ein ny attraksjon opna dørene i 2015 – Elgtun på Landeskogen. Verksemda er understøtter ønska fokus på berekraft, nye attraksjonar og grønt reiseliv! Ga. Os dit harum quae quia et dolut



VISIT SETESDAL – REISELIVSSAMARBEIDET!

Samarbeidsavtala med Destinasjon Hovden vart i 2015 vedetek vidareført i 3 år. Hovudoppdraget er utvikling, gjennomføring og koordinering av marknadsføringa av Setesdal som turistdestinasjon, i tillegg oppgåver som:

- Merkevarerbygging – Setesdal som reisemål og reiserute
- Felles kompetansetiltak
- Vertskapsopplæring
- Felles infrastruktur / systemdrift:
- Posisjonering /strategiske samarbeidsparter
- Koordinering og representasjon
- Fellestiltak / prosjektinitiering
- Kommunikasjon og samhandling – internt og eksternt

Det blir arbeid med felles profilering/områdemarknadsføring – Setesdal: med nettsida www.setesdal.com og www.visitnorway.com – der Setesdal er presentert som sjølvstendig reisemål – på fleire språk v.s. norske og utanlandske marknader. Det blir kjøpt kampanjar i fellesskap. Vidare blir det årleg gitt ut «Setesdal guide» med eit opplag på 450000 – på norsk /engelsk, og tysk / nederlandsk.

BEREKRAFTIG REISEMÅL

Det blir arbeid med å kvalifisere Setesdal til merket «Bærekraftig reisemål». I 2015 fekk ein støtte frå Innovasjon Norge til å gjennomføre fase 2 og 3. Prosjektet, fase 3 er drive av Visit Setesdal med Lasse Eidskrem som prosjektansvarleg. Connie Barthold er engasjert som prosjektleiar i 50 % stilling.

Samla er det brukt ca. 1200 timer i fase 2-3. I samarbeid med styrings- og arbeidsgruppe er det gjennomført bedriftsundersøking, innbyggjar-kartlegging, gjesteundersøking og ring-verknadsanalyse – i tillegg til å svare opp i høve alle indikatorar og kriteria i høve merkeordninga. I alt vart 480 dokument lagt inn i søknadsgrunnlaget. Etter merkegodkjenninga må ein arbeide vidare i høve handlings- og tiltaksdel og involvere breitt i høve aktive tiltak for med siktemål re-sertifisering att om 3 år.

Setesdalsprosjektet har konkretisert fire innsatsområde for handlingsplanen;

- Styrking av samarbeidet
- Lønsamt vertskap
- Setesdalsattraksjonar
- Den grøne dalen.

Tilsegn om løyving til fase 3 – søknadsprosess, 1,3 mill. vart innvilga frå Innovasjon Norge til Visit Setesdal.

RULLESKILØYPE – RØYRVIKÅSEN – HOVDEN

Styret løyvde kr 500.000 med signal om tilsvarende løyving for 2016 og 2017 då ein vurderte dette som regionalt særleg viktig for å understøtte Hovden med idrettsline og destinasjonen som reisemål for ski og treningsarena.



INSPIRASJON BYGNINGSVERN – SAMLA KULTURARV OG OPPLEVINGAR ROTNE PÅ ROT – BRENN ELLER BEVAR?

I samarbeid med Ane Uleberg ved Bygningsvern-senteret /Aust-Agder fylkeskommune, Norsk kulturarv, Kulturminnefondet og Setesdalsmuseet vart det gjennomført ein fagdag for eigarar av private og offentlege eigarar, sakshandsamarar i kommunane, handverkarar, utdanningsinstitusjonar og andre interesserte.

Fagdagen omfatta synfaring på husmannsplassen Slengen / Rygnestad der ein såg på restaureringsprosjekt med kursfokus, informasjonsbolk i samband med lunsj på Sølvgarden, synfaring ved Haugenloftet/ Åraksbø – og ordsifte om materialtilgang og fokus på handlingsboren kunnskap med

FAGDAG LANDBRUK

Valle kommune arrangerte fagdag 24.april for Fylkesmannen si landbruksavdeling i lag med Setesdal landbruksrådgeving (Forsøksringen) Regionrådet deltok og i synfaring og drøfting av tema som nye sauefjøs, nye former for storfehold – tradisjonsmat/småskala og mjølkeproduksjon og bruk av ny teknologi.



- Norwegian Designhouse
- Troll Mountain
- Valle sport
- Bergtun
- Stine Prøitz Jørgensen eksponeringsdesignar
- Skild AS
- Longerak - fruktprosjekt
- Smaken av Setesdal
- Evjeklinikken
- Sølvgarden
- Elgtun – Landeskogen
- Tine Meieriet – Setesdal
- Helle herberge
- Oddestemmen steinsliperi
- Heimigard Rysstad
- Lille Setesdal
- SP stål & mekaniske
- Evje mekaniske
- Visit Setesdal

NÆRINGSARBEID – NOKRE AV DEI EIN HAR ARBEIDD I LAG MED I 2015

Samarbeid og supplerande 1.line - / regional koordinering nærings saker omhandlar dels saks handsaming – men og formidling av ordningar og kontakt mellom ulike virkemiddelordningar /aktørar og tilrettelegging i høve kompetansehenting osv. Nokre av dei ein hadde gleden av å arbeide med i 2015 var m.a.

HEIDER & ÆRE!

Olav Neset vart i styremøte i Setesdal regionråd 16. mars 2015 utnemnt til Setesdalsambassadør. Den høgtidlege utnemninga fann stad 10. april under Setesdalskonferansen. Det er første gong ei slik utnemning skjer.

Han fekk ny heider på den store reisleivsmessa (CMT) i Stuttgart. Der det Europeiske bubilforeininga kåra Neset Camping og 4 andre Europeiske overnattingsstader til beste «Wohlfühlplatz» 2015.



Olav Neset – Setesdalsambassadøren!

SETESDALSAMBASSADØR

“Ambassadøren skal ta vare på Setesdal sine interesser over alt der han måtte reise. Som sendemann for dalen, er han vårt bindeledd til institusjonar, sivilsamfunn, media og samarbeidsorganisasjonar i dei land han er. Dette er ein viktig del av Setesdal sitt andlet ute i verda.

Ambassadøren skal representere Setesdal på ein god måte og utan tanke på eigen nytte. Olav er særst språkmektig og formidlar kunnskap om eigenart, natur- og kulturhistorie, aktivitetar og opplevingskvalitetar for tilreisande på ein truverdig måte og med stor personleg innleving.

Tittelen er tildelt fordi han i ei rekkje år har gjort ein makelaus innsats ved å fremje Setesdal og reiselivsnæringa sitt omdømme på ein særst positiv måte både i Noreg og i utlandet. Innsatsen er gull verdt!

Det synlege teiknet på dette er ei utmerkinga i form av eit diplom og setesdalskrullen i gull.”

Kay Arne Jeiskelid fekk årets pris Setesdalspris som «Samfunnsbyggjaren - først og fremst!»

Stortingsrepresentant Ingebjørg Amanda Godskesen var årets prisutdelar på festmiddagen under Setesdalskonferansen 9.april 2015.



SETESDALSPRISEN 2015

Juryen si grunngjeving:

" Prismottakaren av Setesdalsprisen 2015, Kay A. Jeiskelid, har over lang tid virka på ein forteneestefull måte i høve det å skape/sikre arbeidsplassar, og å medverke til verdiskaping i regionen- direkte og indirekte.

Kay A. Jeiskelid er ein samfunnsbyggjar - og entreprenør i ordets vidaste forstand. Hans virke har skapt store ringverknader med vasskraftutbyggingar og oppdrag for anleggsbransjen, men og for reiselivsnæringane gjennom utviklinga av Hovden og lokal næringsutviklingsarbeid i Bykle.

Han har og vore utløysande for regional utvikling gjennom å vere initiativtakar og å fronte store disposisjonar frå kommunen til etablering av Setesdal næringsfond, forskotteringar til utbygging av riksveg 9 mv.

Han og Bykle må og seiast å ha vore banebrytande i evna til å kople fjellbygda med kapital / investorar, og for gjennom ei årrekke å ha utvikla samhandling med fylkeskommunen og regionale styresmakter til beste for å skape fjellbyen og ein komplett vinterdestinasjon for landsdelen"

Prisen var kunstnarleg diplom med bilete teke av Marit Simonstad Kvaale og gåvesjekk på kr 10.000,-

SETESDALSKONFERANSEN 2015

Setesdalskonferansen 9-10 april 2015 hadde tema «Berekraft og fornying». Konferansen fann stad på Bykle hotell og samla 85 deltakarar. Ingebret Steen Jensen og Jonny Bernander var to av mange gode innleiarar. www.setesdalskonferansen.no





KOMPETANSE

Koordinator for «distriktskullet» ved UiA, Kari K. Grasaas, med nokre av dei nytdanna sjukepleiarar frå Setesdal; Margrethe Mosdøl, Anja Karsrud, Tina Høgevold – og Britt Ingrid Andersen for studiestaden – Setesdal vidaregåande skule.

Bilete under: UiA-ansvarlege og nytdanna på vitnemålsfesten på Lindesnes.

DISTRIKTSVENNLEG SJUKEPLEIARUTDANNING 2012-15

Eit nytt «kull» som tok sjukepleiarutdanning gjennom dei distriktsvennlege tilboda åra 2012-2015 vart uteksaminert våren 2015. Studiet var eit samarbeid med Listerregionen og Lindesnesregion – og Universitet i Agder.

Det var 27 studentar som slutførte distriktsvennleg sjukepleiarstudium 2015. Vitnemålsutdelinga fann stad på Lindesnes fyr 24.juni 2015.

Gunvor Andresen - UiA,
Tina Høgevold - studentrepresentant,
Signe Sollien Haugå - Setesdal regionråd,
Per Storetvedt - Lindesnesregionen,
Hilde Strømme - Lister kompetanse,
Jørn Stordalen - UiA, og
Kari Krüger Grasaas - UiA har utgjort styringsgruppa for studiet.

I Setesdal er det Setesdal vidaregåande skule ved Birgit Attestog og Britt Ingrid Andersen som har sytt for tilrettelegging av lokale og teknologi, eksamensgjennomføring og annan oppfølging av studentgruppa på Hornnes og i Valle.



Setesdal produserer meir enn det samla energiforbruket i Aust- og Vest-Agder. For regionen er det viktig å sikre rekruttering, kompetanse og med det lokale arbeidsplassar. Initiativet for å få etablert desentralisert ingeniørutdanning innafor fornybar energi er eit grep i høve dette.

UTLYSING AV NYTT STUDIUM DISTRIKTSVENNLEG SJUKEPLEIAR 2015-2018

Vi gjennomførte informasjonsmøte i lag med UiA i høve potensielle søkjarar og lyste ut nytt studium våren 2015. Aust-Agder fylkeskommune løyvde kr 200.000 til distriktsvennleg sjukepleiarutdanning i 2015.

FORPROSJEKT OG PILOT – DISTRIKTSVENNLEG INGENIØRUTDANNING

I samarbeid med Lister og Lindesnes –og Fakultet for teknologi og realfag vi ingeniørutdanning som ein desentralisert modell for delar av studiet. Studiet vart lyst ut våren 2015 – men diverre vart det ikkje lyst ut med eigen søkjarkode og mange av interessentane våre som hadde realkompetanse og fagbrevsutdanning – vart borte i søknads-handsaminga til UiA. Forprosjektet vart støtta av Aust-Agder utviklings – og kompetansefond med kr 250.000,- og løyvinga gjorde det mogleg for UiA å konkretisere og tilpasse utdanninga – og kome i gong med streaming av fleire av faga knytt til studiet.

KURS FOR NÆRINGSLIVET

Aust-Agder fylkeskommune arrangerer gratis gründerkurs i samarbeid med kommunar, Etablerersenteret IKS, Sørlandsporten Næringshage, Innovasjon Norge og Setesdal Regionråd. Kurset gjev ei fagleg innføring tilpassa deg som går og tenker på å starte eiga bedrift eller allereie er i gong.

Kurs for næringslivet:

I 2015 vart det gjennomført følgjande kurs:

Introduksjonskurs for bedriftsetablering og forretningsplanlegging, Smart Start;

- 1-dagskurs; 8 deltakarar vår og 15 deltakarar haust.

Bedriftsøkonomi og rekneskap;

- 3 kurskveldar, 11 deltakarar vår og 9 deltakarar haust

Web og sosiale media som marknadskanal ;

- 3 kurskveldar, 14 deltakarar vår og 8 deltakarar haust

Jusskurs for gründerar;

- 2 kurskveldar, 6 deltakarar



BALANSEREKNESKAP

| | Rekneskap 2015 | Rekneskap 2014 |
|-------------------------------------|--------------------|--------------------|
| A. ANLEGGSMIDDEL | | |
| Utstyr, maskiner og transportmiddel | 2 500 233 | - |
| Utlån | 201 333 | 242 667 |
| Aksjar og andeler | 880 781 | 621 122 |
| Pensjonsmiddel | 1 620 654 | 1 342 979 |
| SUM ANLEGGSMIDDEL | 5 203 001 | 2 206 768 |
| B. OMLØPSMIDDEL | | |
| Kortsiktige fordringar | 2 333 072 | 6 101 523 |
| Kasse, postgiro, bankinnskot | 14 428 464 | 10 930 538 |
| SUM OMLØPSMIDDEL | 16 761 536 | 17 032 062 |
| SUM EIGENDELAR | 21 964 538 | 19 238 829 |
| GJELD OG EGENKAPITAL | | |
| C. Eigenkapital | | |
| Disposisjonsfond | -13 745 933 | -12 929 127 |
| Bundne driftsfond | -765 191 | -752 152 |
| Ubundne kapitalfond | -16 100 | -16 100 |
| Regnskapsmessig overskot | -28 500 | -542 366 |
| Regnskapsmessig underskot | 3 659 | - |
| Kapitalkonto | -3 099 130 | -378 216 |
| SUM EIGENKAPITAL | -17 651 195 | -14 617 961 |
| D. GJELD | | |
| Langsiktig gjeld | | |
| Pensjonsforpliktingar | -2 103 476 | -1 828 155 |
| SUM LANGSIKTIG GJELD | -2 103 476 | -1 828 155 |
| KORTSIKTIG GJELD | | |
| Annen kortsiktig gjeld | -1 131 842 | -2 277 100 |
| Konsernintern kortsiktig gjeld | -1 034 889 | -451 251 |
| Premieavvik | -43 136 | -64 361 |
| Sum kortsiktig gjeld | -2 209 867 | -2 792 713 |
| SUM GJELD | -4 313 343 | -4 620 868 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | -21 964 538 | -19 238 829 |

DRIFTSREKNESKAP

| | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2013 |
|--|--------------------|--------------------|
| DRIFTSINNTEKTER | | |
| Salsinntekter | -3 410 | 182 |
| Refusjonar | -1 686 397 | -1 406 442 |
| Overføringar | -10 310 000 | -10 160 000 |
| Andre driftsinntekter | -310 165 | -648 076 |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | -12 309 972 | -12 214 336 |
| DRIFTSUTGIFTER | | |
| Lønn inkl. sosiale utgifter | 1 481 863 | 1 470 445 |
| Kjøp av varer og tenester | 5 475 647 | 5 596 446 |
| Overføringar | 3 434 463 | 1 866 053 |
| Andre driftsutgifter | 310 165 | 648 076 |
| SUM DRIFTSUTGIFTER | 10 702 138 | 9 581 021 |
| DRIFTSRESULTAT | -1 607 834 | -2 633 316 |
| FINANSPOSTER | | |
| Renteinntekter | -278 025 | -255 852 |
| Renteutgifter | 100 | 773 |
| Mottekne avdrag på lån | -41 333 | -37 984 |
| ORDINÆRT RESULTAT | -1 927 092 | -2 926 379 |
| INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR | | |
| Avsetningar | 3 794 610 | 4 041 151 |
| Bruk av tidlegare avsetningar | -1 929 017 | -1 281 586 |
| Brukt til fin. av utgifter i kapitalregnskapen | 33 000 | - |
| SUM AVSETNINGAR | 1 898 592 | 2 759 565 |
| REKNESKAPSMESSIG OVERSKOT | 28 500 | 166 814 |

NOTER

| | | |
|--|--------------|--------------|
| Bemanning og ytingar til leiande personar | 2 015 | 2 014 |
| Bemanning i årsverk | 1 | 1 |
| <u>Lønn dagleg leiar:</u> | | |
| - Samla lønn og annen fast godtgjering | 798 549 | 764 689 |
| - Berekna verdi av anna sett som godtgjersle | 4 392 | 12 068 |
| <u>Godtgjering styreleder:</u> | | |
| - Samla løn og anna fast godtgjersle | 160 260 | 144 000 |
| <u>Godtgjøring revisor:</u> | | |
| - regnskapsrevisjon | 15 384 | 16 986 |
| - bistand | 5 769 | 7 692 |

Aksjar og andelar som er ført opp som anleggsmidlar

| NAVN | BOKFØRT VERDI | MARKNADSVERDI | EIGARDEL |
|--------------------------|---------------|---------------|----------|
| Eigenkapitalinnskot- KLP | 15 830 | | |
| Setesdal Bilruter LL | 445 500 | 1 612 862 | 0,0401 |
| Evjeklinikken AS | 404 118 | | 0,111 |
| Destinasjon Hovden | 15 333 | | 0,012 |
| Sum aksjar og andelar i: | 880 781 | | |

Overføringar mellom selskap og deltakarar

| Eigarkommune | Beløp |
|-------------------------|------------|
| Evje og Hornnes kommune | -1 250 |
| Evje og Hornnes kommune | -1 350 000 |
| Bygland kommune | -5 000 |
| Bygland kommune | -1 350 000 |
| Bygland kommune | 2 200 |
| Valle kommune | -3 750 |
| Valle kommune | 486 067 |
| Valle kommune | -1 350 000 |
| Bykle kommune | -5 000 |
| Bykle kommune | -1 350 000 |

REVISORMELDING

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet på tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om interkommunale selskaper og god kommunal regnsk

Uttalelser om øvrige forhold

Konklusjon med forbehold om budsjett

Konto for refusjoner har en betydelig merinntekt i driftsregnskapet har en betydelig merutgift i forbehold betydelig avvik fra budsjett for investeringer i varig årsberetning.

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet i avsnittet ovenfor, at de disposisjoner som er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløp

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet i avsnittet ovenfor, at de disposisjoner som er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløp

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet i avsnittet ovenfor, at de disposisjoner som er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløp

Evje, 30.05.2016

Agder kommunerevisjon IKS


Tommy Pytten

registrert revisor



Til styret i Setesdal Regionråd

REVISORS BERETNING FOR 2015

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Setesdal Regionråd som viser et ordinært resultat på kr 1.927.092,12 og et regnskapsmessig resultat på kr 28.500,09. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015, driftsregnskap og kapitalregnskap avsluttet per denne dato, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre notepplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapsmessig, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for samarbeidets utarbeidelse av et årsregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av samarbeidets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsipper er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Setesdal Regionråd per 31. desember 2015, og av

Hovedkontor: Kristiansand
Postadr.: Postboks 417 Lund
4604 Kristiansand
Kontoradr.: Tollbodgata 37
Org nr. 987 183 918

E-post: post@agder-revisjon.no
Hjemmeside: www.kommerevisor.no
Telefon Kr.sand: 38 07 27 00
Telefon Evje: 977 60 455

Avd. Setesdal
Kasernevegen 19
4735 Evje

ØKONOMI – SAMANDRAG – LØYVINGAR & DISPONERINGAR 2015

INTERKOMMUNALT SAMARBEID

| | |
|--------------------------------------|----------------|
| Kommunereform m.m.-utgreiingar 2015- | 200 000 |
| Grafisk profil 2014/2015 | 61 000 |
| SUM | 261 000 |

INFRASTRUKTUR

| | |
|--|-----------|
| Digitale Setesdal - | 100 000 |
| Rulleskianlegg Bykle kommune 2015-2017 | 500 000 |
| RV9 - planleggingsfond | 1 000 000 |
| RV9 - påverknadsarbeid/ utbyggingsreserve (fond) | 300 000 |

Støtteordning private ladestasjonar 2015 (20.000 pr. verksemd)

| | |
|--------------------------------------|------------------|
| • Troll Aktiv | 100 000 |
| • Klatreskogen | |
| • Haugå landhandel | |
| • Bykle nærings- og utviklingselskap | |
| • Evje trafikksenter / YX | |
| SUM | 2 000 000 |

NÆRING

| | |
|---|-----------|
| Visit Setesdal/Destinasjon Hovden | 1 250 000 |
| Berekraftig reisemål prosjektoppfølgning | 50 000 |
| Friluftsliv og næringsprosjektstilling - DNT Sør 2014-2016 | 100 000 |
| Immateriell kulturarv-handverkshus Bygland 2014-2016 | 360 000 |
| Norsk landbruksrådg.-bruksutbygging i Setesdal 2015 | 100 000 |
| Norsk landbruksrådg.-ny giv i sauehaldet 2015 | 50 000 |
| Bygland utvikling as - investeringsstøtte/eigedomsutvikling | 200 000 |
| Setesdal arrangement - forprosjekt | 40 000 |
| Setesdalskonferansen 2015 | 250 000 |
| Næringskoordinator + tenestekjøp næringsarbeid | 340 900 |
| Elgtun as – etablerarstøtte/attraksjonsutvikling. | 200 000 |
| Styrestipend 2015-2017 (20.000 til kvar verksemd pr år) | 80 000 |

- Konkurrenten.no
- Valle vekst AS
- Autoservice Evje AS
- Evje mekaniske verkstad AS

| | |
|---|------------------|
| Blogg 365 | 38 000 |
| Bygland utvikling as - forprosjekt/etableringsstøtte | 100 000 |
| Setesdal spelemannslag - støtte Unesco-søknad | 12 500 |
| Smeland byggservice - marknadstiltak | 75 000 |
| Dreamcall as - etableringsstøtte | 50 000 |
| Evje mekaniske - intern kompetanseutvikling | 100 000 |
| Straume Gard - nydyrking | 60 000 |
| Arne Holskog - nydyrking | 32 400 |
| Oppstartseminar reiseliv/næringsstrategi | 20 000 |
| Oddestemmen steinsliperi - forretningsutvikling | 40 000 |
| D/S Bjoren, driftsstøtte 2015 | 104 000 |
| Regionplan Agder 2015 | 30 000 |
| Næringsanalyse Setesdal | 119 000 |
| Heimigard Rysstad - nydyrking | 18 700 |
| Nordisk strikkesymposium | 25 000 |
| Miljøsertifiseringsprosjekt | 200 000 |
| Via Ferrata - marknadsføring | 16 500 |
| SP stål & mek. - kompetansetiltak/sertifisering | 120 000 |
| Skild as - kompetansetiltak/sertifisering | 90 000 |
| Valle sport as - etableringsstøtte | 25 000 |
| Lille Setesdal as - etableringsstøtte | 25 000 |
| Troll mountain - etablerings-/forprosjektstøtte | 100 000 |
| Norwegian designhouse - forprosjekt | 75 000 |
| Kallhovd Sveis - etableringsstøtte | 25 000 |
| SunSense as (Konstrukt) | 50 000 |
| Evjeklinikken - forprosjekt | 100 000 |
| Fagdag bygningsvern 12. mai 2015 | 10 000 |
| Gründerveka / gründerkonkurransen «Innovasjon Setesdal» | 80 000 |
| Landeskogen litteraturfest | 15 000 |
| Setesdalsgildet 2014/2015 | 40 000 |
| * Aksjekjøp Evjeklinikken as | 33 000 |
| SUM BEDRIFTSRETTA LØYVINGAR OG | |
| NÆRINGSRELATERT UTVIKLINGSSARBEID /FELLESTILTAK NÆRING | 4 509 100 |

* Regionrådet gjekk i tillegg inn med kr. 256.000 i aksjeemisjon i Evjeklinikken i 2015.

| | |
|---|--------------------|
| FOU – KOMPETANSETILTAK , KURS OG EVU | |
| Desentralisert ingeniørutdanning 2015-2019 | 100 000 |
| Desentralisert sjukepleiarutdanning 2015-2018 | 0 |
| Desentralisert lærarutdanning 2013-2017 | 25 000,00 |
| Desentralisert sjukepleiarutdanning 2012-2015 | 0 |
| Studiesenteret | 50 000 |
| Kurs og Etter- og vidareutdanning (EVU) | 25 000 |
| SUM | 200 000 |
| YMSE SATSINGAR/ARRANGEMENT OG PROSJEKT | |
| Ungdom og folketalsutvikling | 170 000 |
| SUM | 170 000 |
| REISELIVSRELATERTE FELLESTILTAK | |
| KCK - Colorline Setesdal Tour (2012-2015) | 100 000 |
| Landeskogen 2016 | 30 000 |
| Fellestiltak reiseliv inkl. IP-soner/banner | 500 000 |
| SUM | 630 000 |
| SETESDAL REGIONRÅD – DRIFT | |
| Setesdal regionråd – drift | 2 190 588 |
| SUM | -10 110 000 |
| Renter/utbytte og lån | -220 088 |
| Årets rekneskapsmessige meir-/mindreforbruk | 28 500 |
| Setesdal regionråd - finansiering | -10 301 588 |
| RESULTAT | 0 |

Elisabeth Spockeli er ei av dei unge modige vi vart kjent med i 2015 – Ho etablerte Valle sport og ser moglegheiter i kombinasjon med varehandel, utstyr og aktivitetsutvikling.



VEDLEGG

ORGANISERING - SAMARBEIDSSTRUKTURAR

REPRESENTANTSKAP I IKS

Styret i Regionrådet utgjer representantskap i dei interkommunale selskapa i Setesdal:

- Setesdal brannvesen IKS
- Setesdal miljø og gjenvinning IKS (renovasjonsselskap)
- Setesdalsmuseet IKS / Setesdalsmuseet eigedom IKS
- Setesdal revisjonsdistrikt IKS

VALKOMITÉ: RÅDMENNENE

Leiarar av representantskap i dei interkommunale verksemdene (IKS):

| | |
|------------------------------------|---|
| Setesdal Brannvesen IKS – | leiar Leiv Rygg vald for to år (2014-2015) nestleiar Tarald Myrum vald for to år (2014-2015) |
| Setesdal revisjonsdistrikt IKS: | leiar Bjørn Ropstad vald for to år (2014-2015) nestleiar Leiv Rygg vald for to år (2014-2015) |
| Setesdal miljø og gjenvinning IKS: | leiar Jon-Rolf Næss vald for to år (2014-2015) nestleiar Tarald Myrum vald for to år (2014-2015) |
| Setesdalsmuseet IKS: | leiar Tarald Myrum vald for to år (2014-2015) nestleiar Jon-Rolf Næss vald for to år (2014-2015) |
| Setesdalsmuseet Eigedom IKS : | leiar Tarald Myrum vald for to år (2014-2015) nestleiar Leiv Rygg vald for to år (2014-2015) |

REPRESENTASJON, OPPNEMNINGAR, UTSENDINGAR O.A.:

Vassdragsstyret for Nedre Otra, observatør til styret: **Leiv Rygg**
Vassdragsstyret for Øvre Otra: **Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2.vara**
Krypsivprosjektet: **Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2.vara**
Krypsivfondet: **Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2.vara**
Forvaltingsplan for Otra / vassdirektivet, representantar til arbeidsutvalet: **ordførarane**
Vassregionutvalet: **Leiv Rygg, med Bjørn Ropstad som vara etter valet**

Regionplan Agder 2020:

- politisk samordningsgruppe: **Jon Rolf Næss**
- rådmannsgruppa: **Tallak Hoslemo og Signe Sollien Haugå**

Administrative faggrupper – oppnemnt av rådmannsgruppa:

- Folkehelse – levekår : **Hanne Straume**
- Utdanning: **Line Håberg Løvdal**
- Klima og miljø: **Geir Skjevrek**
- Datalagringssatsinga – **Kjell Pedersen Rise**
- Plattform – **Tone Lise Avdal**

Evjeklinikken – eigarrepresentant: **Tarald Myrum**

Setesdal bilruter – eigarrepresentant: **Signe Sollien Haugå**

NAV Setesdal: rådmennene er styringsgruppe og representantar i partnerskapsstyret

Overordna strategisk samarbeidsutval (OSS): **Jens A. Johannessen**

- OSS – arbeidsutval

Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder - portefølgjeutvalet: **Tallak Hoslemo og Aasmund Lauvdal**

Offentlig Fellesinnkjøp på Agder (OFA), arbeidsutvalet: **Tallak Hoslemo**

Tingingsdialog UiA – Lister, Lindesnes og Setesdal: for Setesdal; **Signe Sollien Haugå**

KS Agder, regionrådsutval: **Signe Sollien Haugå**

Visit Sørlandet, Visit Setesdal via Destinasjon Hovden: **Lasse Eidskrem**

Rv 9 gruppa – leiar **Jon Rolf Næss, Leiv Rygg og Signe Sollien Haugå. PL: Kjell Pedersen Rise**

Styret har ikkje oppnemnt, men godkjent at dagleg leiar har desse relaterte verv:

- Setesdal Informasjons- og kompetansesenter (SIK): styrerepresentant
- Destinasjon Hovden – styrerepresentant
- Aust-Agder utviklings- og kompetansefond – styrerepresentant
- Setesdal bilruter, Birkeland busser og SBR Eigedam

Utgjevar: Setesdal Regionråd
Tekst: Signe Sollien Haugå
Design: Tress Design AS

Foto:
Marit Simonstad Kvaale
Framsida, s 4 / 13 / 16 / 23 / 25 / 27 / 33 øverst / 39 / 47

Styrk Fjærtøft Trondsen
22 / 29 venstre / 31 venstre / 34 / 35

Signe Sollien Haugå
14 / 20 / 21 / 24 / 28 høgre / 31 høgre / 32 / 33 nederst / 38

Ole Birger Lien / Setesdølen
29 høgre

Svein Sundsdal / NRK
28 venstre

September 2016



EVJE OG HORNNES KOMMUNE
Evjemoen 4735 Evje

BYGLAND KOMMUNE
Sentrum 4745 Bygland

VALLE KOMMUNE
Postboks 4 4747 Valle kommune

BYKLE KOMMUNE
Rådhuset 4754 Bykle



Setesdal regionråd



Setesdal Regionråd, kommunehuset, 4747 Valle
Tlf 37937500 E-post: post@setesdal.no www.setesdal.no